



NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Team kulturarv

Vår dato:	16.10.2025
Deres dato:	
Vår referanse	25/18656-2
Deres referanse:	202412343-2
Vår saksbehandler:	Sindre Arnkværn

Høyring - førespurnad om å legge ned dam Laugevatn - Tokke kommune

Vi viser til NVE si førespurnad, datert 5.09.25 om uttale i samband med Vest-Telemark Kraftlag si søknad av 4. juli 2024 om førehandsvurdering av konsesjonsplikt etter vassressurslova § 18 jf. § 41 for nedlegging av dam Laugevatn i Tokke kommune.

I høyringa ber NVE særleg om fråsegn knytt til om tiltaket kan påverke allmenne interesser, mellom anna friluftsliv og kulturminne, samt innspel til om andre relevante interessentar bør få høve til å uttale seg.

Vassforvaltning

Det ligg lite informasjon føre om Laugevatn og Nossevatn bekkefelt (ID 016-1130-r) i vass-nett, og tilstandsvurderinga er sett berre på bakgrunn av modellert forsuringstilstand. Det er ingen registrerte data der om dei hydromorfologiske forholda, noko som tydelegvis er mangefult med tanke på at delar av vassdraga er oppdemde. Me ønskjer å visa til retningslinje 1.3. i regional vassforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vassregion som seier "I planar som berører allereie lukka eller sterkt påverka vassdrag, skal det vurderast om vassdraget kan gjenopnast og restaurerast.". Fjerninga av barrierar i vassdraget vil i dette tilfellet måtta vurderast mot verneverdien til demninga. Vi ber NVE vurdere om det finst løysingar som kan vareta både den eldre delen av demninga og restaureringspotensialet, eksempelvis om det kunne vore aktuelt med eit sideløp forbi demninga.

Kulturarv

Fylkeskommunen vurderer at dei eldste steinbygde delane av dammen kan ha kulturhistorisk verdi som del av den første kraftutbygginga i Tokke. Dette er ein verdi som bør dokumenterast og, dersom det er mogleg innanfor ramma av tryggleik og god vassforvaltning, delvis takast vare på. Eventuell bevaring av delar av steinmuren må likevel ikkje gå på kostnad av vassdragets økologiske tilstand, vassforvaltningsmål eller framtidig tryggleik. Fylkeskommunen har inga merknad til at nyare påstøyp i betong blir fjerna, og ser at full bevaring av dammen ikkje er mogleg.

Med hilsen

Leders navn
Eystein Andersen
Kulturarv

Sindre Arnkværn
sindre.arnkvern@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.